

# Planprogram

## Regional plan for kultur

Vedteke av fylkesutvalet 23.01.2018



# Overordna mål: Kultur for alle

**Hovudmål 1: Kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn.**

**Hovudmål 2: Fylket skal ha regionale, nasjonale og internasjonale kraftsenter/fyrtårn.**

Hovedtema 1:  
Kulturelle  
ressursar og  
verdiskaping

Innsatsområde 1: Kulturell infrastruktur  
Innsatsområde 2: Kulturarven  
Innsatsområde 3: Kunstproduksjon og formidling  
Innsatsområde 4: Kulturelle kraftsenter/fyrtårn

Hovedtema 2:  
Deltaking og  
oppleveling

Innsatsområde 1: Tidleg engasjement  
Innsatsområde 2: Mangfold og fellesskap



## Høyring 1. oktober til 1. desember 2017

- 21 høyringsuttalar

Revidert utkast til planprogram i FU 23. januar:

- Større vekt på nynorsk og digitalisering
- Fagområda fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv inn i planen



## Medverknadsprosess våren 2018

- 17. januar Innspelmøte om kulturmeldinga og kulturplanen
- 21. februar Møte med Musea i Sogn og Fjordane
- 2. mars Møte i Nynorskfylket, kulturplanen eitt av temaa
- 7.-8. mars Kulturkonferansen, med tema som er aktuelle for kulturplanarbeidet (kulturelle ressursar i kommunane, frivilligheit, kulturell og kreativ næring)
- 16. mars Møte med kunstfeltet
- 19. mars Møte med organisasjonar, institusjonar og fylkesråd om kultur for alle
- 22. mars Møte med idretts- og friluftsorganisasjonane
- 6.-8. april Fylkesting for ungdom, kulturplanen eitt av temaa



Oppsummering etter innsamla informasjon/vurderingar og  
innspelmøta:


Kva er utfordringane og kva bør gjerast?



# Til diskusjonen: Kva verkemiddel har vi?

## Korleis?

- «Sjef» for partnarskapsarbeidet
- Bruke verkemidla
  - > Kunnskap om regionen
  - > Kontakter
  - > Politiske beslutningar som signal til sentrale styresmakter
  - > Juridiske verkemiddel, inklusive regionale planer
  - > Metodikk
  - > Pengar





## Frivillig sektor

Hovudutfordringane for frivillige lag og organisasjonar er:

- samspelet mellom offentleg og frivillig sektor,
- aukande krav til profesjonalisering og meir byråkrati
- økonomiske rammevilkår
- mangelen på politikk for frivilligheita på kommunalt nivå
- rekruttering av medlemer og tillitsvalde



## Frivillig sektor – kva bør gjerast?

- Alle kommunane (og fylkeskommunen?) bør ha ei frivilligplattform.
- Tilskotsordningane som kommunane og fylkeskommunen har påverknad på, bør så langt råd er vere føreseielege og forenklast.
- Organisasjonane bør få støtte til drift i større grad, og ikkje i så stor grad til prosjekt?
- Fylkeskommunen og kommunane kan etablere nettverk og møteplassar som gir organisasjonane hjelp til å samarbeide og samordne ressursar.
- Regionreforma – samanslåing av organisasjonane?



## Kulturskulane - utfordringar

- Kulturskulane er kommunalt drivne og finansierte. Det er ikkje mogleg å tilby den etterspurde kompetansen overalt. Av økonomiske årsaker er tilbod om individuell utvikling og talentutvikling redusert, og ein er ikkje i stand til gi alle barn som ynskjer det eit kulturskuletilbod.
- Manglar tilbod til alle, både når det gjeld aldersgrupper og i forhold til at det er økonomisk utfordrande for mange. Få til eit breiare/meir variert tilbod.
- Vanskeleg å skaffe dirigentar, lærarar, instruktørar. Utfordring å ha menneskelege ressursar så vel som økonomiske.



## Kulturskulane – kva bør gjerast?

- Få laga lokale planar som knyter kulturskulen til den kommunale tenesteproduksjonen
- Få organisert felles, fylkesdekkande talentarbeid/utvikling
- Tettare samarbeid mellom kulturskulane, DKS og UKM – føre vidare felles konferanse, lokale fagråd med representantar for kulturskulane, DKS og UKM
- Avklare sektortilhøyrigkeit/organisering for kulturskulane. Rektor bør også vere ein del av leiarskap/utviklingarbeid i kommunane.
- Samarbeid med andre seksjonar i kommunane og eksterne: organisasjonar, festivalar og liknande
- Samarbeid mellom kommunane og på tvers i kommune
- Felles kortkurs/workshops i regionane
- Fylkeskommunen må ha ei tydelegare utviklingsrolle.



## DKS - utfordringar

- Det er ei utfordring å få DKS-ordninga implementert i skulane sitt arbeid (for- og etterarbeid, elevmedverknad).
- Fylket overtok frå 01.01.17 ansvaret for musikkproduksjonane i DKS. Dette medfører opprettning av fagråd og auka aktivitet på nyproduksjonar. Større fagmiljø på alle kunstformer



## DKS – kva bør gjerast?

- DKS-tilbodet bør i større grad integrerast i skulen sitt arbeid.
- Elevane bør i større grad engasjerast i samband med DKS-produksjonane.
- Kunstnarane som er engasjerte i DKS bør i større grad nyttast i lokale arrangement utanom skuletida. Nyte ut felles ressursar. DKS må vere i dialog med andre aktørar.
- DKS bør i endå større grad samarbeide med andre institusjonar.
- DKS Sogn og Fjordane skal satse på nynorskproduksjonar framover.
- Oppretting av fagråd på ulike fagområde.
- Etter fylkessamanslåinga er det behov for profesjonell økonomisk kompetanse i eige miljø.



## Biblioteka - utfordringar

- Små einingar, små ressursar
- For svak forståing hos politikarar og kommuneleiing av kva rolle biblioteka kan ha.
- Kompetanse (leiing, digitale verktøy, synleggjering, politiske prosessar m.m.)
- Profesjonalisering
- Å få nytta ut moglegheitene som ligg i samarbeid på tvers i kommunane og mellom kommunane, med organisasjonar og institusjonar eksternt



## Biblioteka – kva bør gjerast?

- Auke forståinga hos politikarar og kommunaleiing av kva rolle biblioteka kan ha i kommunane
- Sterkare fagmiljø, samarbeid om kompetanse
- Samordning av ressursar, samarbeid mellom kommunane
- Felles satsing på utviklingsprosjekt i større grad
- Vidareutvikle satsinga på formidling av nynorsk litteratur
- Vidareutvikle satsinga på formidling til barn og unge
- Få til meir systematisk samarbeid mellom bibliotek, skule og barnehage
- Sterkare og meir samordna satsing på digital infrastruktur og formidling
- Få til eit løft for biblioteka som formidlings- og debattarena
- Vidareutvikle biblioteka som møteplass og inkluderingsarena



## Kulturminne - utfordringar

- Behov for oversikt over regionalt verdifulle kulturminne (freda etter kulturminnelova)
- Behov for oversikt over dei regionalt verdifulle kulturminna frå nyare tid
- Behov for arkitektfagleg kompetanse
- Behov for digitalisering av arkeologiske funnstader og funnområde som er fjerna
- Behov for utarbeiding av gode rettleiarar innan både arkeologi og nyare tids kulturminne
- Behov for å styrke formidlingsarbeidet



## Kulturminne – kva bør gjerast?

- Utarbeide ei oversikt over regionalt verdifulle kulturminne (freda etter kulturminnelova)
- Utarbeide ein regional plan for kulturminne der ein identifiserer dei mest verdifulle regionale kulturminna frå nyare tid
- Arbeide for å auke den kulturminnefaglege kompetansen i kommunane
- Stort fagleg formidlingspotensiale – arbeide for å formidle kulturminna sin verdi og betydning
- Verdiskaping på kulturminneområdet – kopling mot reiseliv og lokalt næringsliv på kulturminna sine premissar
- KULA – identifisere Kulturhistoriske Landskap av nasjonal interesse



## Arkiv - utfordringar

- Verne den immaterielle kulturarven og syte for at denne blir tilgjengeleg for framtida
- Sikre kunnskap om kulturarven vår
- Bevaringsutfordringar – knytte til kapasitet, fulle magasin, særleg privatarkiv
- Formidlingsutfordringar – omfattande materiale, eldre databasar, behov for å fornye og samordne formidling på tvers av sektorar
- Stort trykk på kommunearkivordninga – må byggje ut til stor kapasitet dei komande åra
- Ved fylkessamanslåinga – utfordringar med ulik organisering



## Arkiv – kva bør gjerast?

- Naturleg å ha som ambisjon å vidareføre det som er nivået på tenesta i Sogn og Fjordane i dag
- Sterk satsing på digitalisering av arkivmateriale
- Stor vekt på kulturhistorisk materiale, sjå også nyare arkiv i ein større samanheng
- Få til felles magasinløysing, om ikkje felles fysisk magasin, så felles og einsarta administrasjon, gjennfinningssystem og formidlingsopplegg
- Behov for å sjå heilskapleg på databaseløysingane – samordning og fornying
- Nytte ut ny teknologi i formidlinga
- Få til ei effektiv og framtidsretta ordning for kommunearkiv i det nye fylket



## Museum - utfordringar

- Museumsbesøket i fylket låg 44 prosent under landsgjennomsnittet i 2016.
- Spreidd busetnad og lange avstandar gjer det vanskelegare å skape lokal tilhøyrigheit og eigarskap til musea, og å nå ut til heile befolkninga i fylket.
- Etterslep på registrering og digitalisering av samlingane
- Å gjere samlingane fysisk og digitalt tilgjengelege for publikum i større grad
- Magasinsituasjonen – bevaring av samlingane



## Musea – kva bør gjerast?

- Satsing på digitalisering og tilgjengeleggjering av samlingane
- Utvikle digitale ressursar som når ut til dei som ikkje sjølve kan kome til musea
- Satsing på formidlingsaktivitetar og opplevingar
- Styrkt innsats på forsking og kunnskapsutvikling
- Vidareutvikle musea som møteplass og inkluderande kulturaktør
- Føreseieleg finansieringsmodell i det nye fylket
- Styrkt samarbeid mellom musea og fylkeskommunen om rådgjeving til kommunar og private aktørar på bygningsvern
- Vidareutvikle samarbeidet mellom musea og DKS
- Utvikle relasjonen til destinasjonsselskapa, styrkje musea i reiselivssatsing
- Magasinsituasjonen



## Kunstfeltet - utfordringar

- Korleis skape gode rammevilkår som gjer at fleire kan ha kunstproduksjon som hovudaktivitet/levebrød i fylket?
- Korleis formidle kunst ut til eit større publikum?
- Korleis auke kompetansen på kunst i befolkninga?
- Korleis sikre at kunst har den plassen den skal ha i det offentlege rom?
- Korleis sikre at kunstfaglege problemstillingar blir del av planlegginga i kommunane?



## Kunstfeltet – kva bør gjerast?

- Verdiskaping og løn for arbeid, stipendordningar, prosjektstøtte
- Kunstutdanning i eige fylket
- Skape stimulerande fagmiljø gjennom nettverk og møteplassar
- Stimulere yngre talent ved særleg tiltak
- Sjå lokale kunstnarar i eit internasjonalt perspektiv
- Byggje opp DKS som eit verktøy for utvikling av bildande kunst
- Utvikle dei kommunale kulturskulane som langsiktig strategi for forståing av kunst og utvikling av talent
- Utvikle offentlege rom som sjukeheimar, skular og ferjer som kunstarenaer
- Få fleire utstillingsmoglegheiter – kunstnarsenterfunksjonen ikkje godt nok ivaretatt. Eit naturleg fagleg samlingspunkt for kunstnarar



## Kunstfeltet – kva bør gjerast?

- Stimulere dei lokale kunstlaga
- Vidareutvikle UKM som ein arena der ungdom kan vere kreative
- Kunstnarbustader
- Arrangementsapp – samle inn info frå ulike kultursider/nettsider
- Kunsthubbbar rundt om i fylket med verkstader/bustad, tverrfagleg, ikkje berre same type kunstnarar samstundes
- Kunstrådgjevar på fylkesnivå – bindeledd til kommunane



## Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv - utfordringar

### HOVUDUTFORDRING I EIT FOLKEHELSEPERSPERKTIV: INAKTIVITET

- 39 prosent av innbyggjarane er aktive i idrett i Sogn og Fjordane, 26 prosent høgare enn landsgjennomsnittet.
- Høg aktivitetsgrad også blant barn (6-12 år), 26 prosent over langsgjennomsnittet.
- For ungdom (13-19 år) er aktivitetsandelen 81 prosent, 23 prosent over landsgjennomsnittet.
- Fylket har særleg høg aktivitet innan fotball, handball og skiidrett.
- Sogn og Fjordane har svært høg anleggsdekning, 85 prosent over landsgjennomsnittet.



## MEN:

- Aktivitetsandelen i Sogn og Fjordane har falle med 20 prosent i perioden 2006-2016, ein større nedgang enn landet elles, der talet er tre prosent.
- For barn har aktivitetsandelen halde seg stabil i fylket vårt, men landet elles har hatt ein oppgang på ti prosent.
- Ungdom har hatt nedgang både for landet samla og i Sogn og Fjordane. Nedgangen i fylket vårt er ligg høgare enn landsgjennomsnittet, 23 prosent mot 11 prosent.



## Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – utfordringar anlegg

- Avgrense ambisjonsnivået – kor mange anlegg skal det vere i fylket ?
- Miljøutfordringar ved bygging av idrettsanlegg, spesielt kunstgrasbaner
- Kommunane styrer ikkje anleggsutviklinga, det blir mykje opp til den enkelte private utbyggar. For lite langsiktig tenking. Korkje kommunen eller idrettsråda har verkemiddel for å sjå dette i samanheng.
- Saksgangen for spelemiddelsøknader legg ikkje til rette for heilskapstenking.



## Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – kva bør gjerast?

- Leggje til rette for heilskapstenking når det gjeld aktivitetstilbod og anlegg – sjå på tvers av kommunegrensene
- Nye tilbod i tillegg til dei tradisjonelle – krev prioritering
- Arbeide for at spelemedialar kan styrast etter ein heilskapleg plan for regionen i større grad
- Styrkje samarbeidet mellom frivillig og offentleg sektor - tydeleggjere premissar for partnarskap og samarbeid mellom kommunar og fylket i den nye planen - reell form for partnarskap – kapasitet, fagleg tyngde,
- Auka kapasiteten på FIF i fylkeskommunen
- Koordinere fagmiljøa



## Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – kva bør gjerast?

- Planen må seie noko om premissar for partnarskap og samarbeid mellom kommunar og fylket. Reell form for partnarskap – kapasitet, fagleg tyngde, auka kapasitet i fylkeskommunen.
- Møteplassar/treningstid for den eigenorganisert aktivitet
- Sikring av friluftsområde. Kommunen kan støtte lokale lag og organisasjonar for å sikre godt vedlikehald og god drift.
- Kopling til opplevingsnæringer, næringsliv
- Samarbeid med skulen/SFO, gjerne i samanheng med «1 time fysisk aktivitet» per dag. Fysak SFO?



## Kultur for alle - utfordringar

- Utfordringa er å leggje til rette for at alle kan delta i og bidra til kulturaktivitetar
- Bevisstgjering på lovverket
- Viktig å bruke råda i kommunane: for menneske med nedsatt funksjonsevne, for eldre
- Å få kultur for alle inn i alt planarbeid



## Kultur for alle – kva bør gjerast?

- Kommunikasjon tilpassa målgruppa, informasjon universelt utforma
- Breidde i tilboda
- God guiding og formidling
- Skilting
- Barne- og familieopplegg
- Følgekort. Betre informasjon om ordninga.
- Vertskapsrolla bør bli meir sentral ved kulturinstitusjonar
- Lett tilgang til billettar
- Betre samarbeid kommunalt og fylkeskommunalt for å samordne ordningane for skyss
- Betre busstilbod
- Universell utforming buss
- God lyd, teleslynge må vere tilgjengeleg.
- Godt lys er i fellesareal og ved utedørsområder nærmest kulturarena.
- Parkering lett tilgjengeleg, toalett



## Kultur for alle – kva bør gjerast?

- Digital informasjon, telefonavis
- Kommunepost ein gong per månad med info om med blant anna kultur og fritid
- Informasjon må vere eitt leseleg med riktig font , svart/kvitt, kontrastfarger
- Informere om kultur og fritidsarrangement på eksterne skjermar som legekontor og kjøpesenter
- Møteplassar på tvers
- Samarbeid kultur og helse for å nå fleire
- Tettare samarbeid mellom kultursektoren og brukarorganisasjonane
- Samarbeid med høgskule/vidaregåande om studentar i praksis (studentar som hjelparar/følgjarar)
- Satse for å få med fleire frivillige, døme eldre i idrettslag for å hjelpe born og unge
- Rekruttere frivillige til hjelparar/følgjarar på kulturinstitusjonane



## Kulturelle kraftsenter/fyrtårn

- Korleis definerer vi kulturelle kraftsenter/fyrtårn meir utfyllande (i forhold til det vi har sagt i planprogrammet)?
- Kva fyrtårn skal vi nemne i planen? Det kan vere verdsarvområde, institusjonar, organisasjonar, fagmiljø. Vi må kanskje tenkje breidde i typar døme og geografisk spreiing?
- Skal vi ha to typar fyrtårn, dei som allereie er inne i etablerte ordningar fordi dei har vorte satsa på, og dei som skal løftast fram?
- Kva verkemiddel kan nyttast?

| År:  | 2017 |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   | 2018 |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
|--|------|---|---|---|---|---|---|---|---|---|--|---|------|---|---|---|---|---|---|---|---|--|--|--|
| Mnd:   | M    | A | M | J | J | A | S | O | N | D |  | J | F    | M | A | M | J | J | A | S | O |  |  |  |
| Avklaring av prosess, organisering, overordna tema, m.m.                     |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| Arbeid med kunnskapsgrunnlaget   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| Arbeide med utkast til planprogram   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| Planutvalet – arbeidsdokument 1/17   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| Møte administrativ styringsgruppe  |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| Dialog-/innspelmøte  |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| Møte i administrativ styringsgruppe  |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| FU – vedtak om å sende planprogram på høyring                                |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| Møte administrativ styringsgruppe  |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| Planprogram på høyring.  |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| Høyrings -/drøftingsmøte   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| Arbeid med kunnskapsgrunnlaget.  |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| FU – endeleg vedtak om planprogram   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| Arbeid med kunnskapsgrunnlaget   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| Utarbeide forslag til regional plan for kultur                               |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| Møte administrativ styringsgruppe  |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| Møte administrativ styringsgruppe  |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| FU – vedtak om utlegging av forslag til regional plan til offentleg ettersyn |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| Regional plan på høyring, høyringsmøte                                       |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| Bearbeide plan etter innspel   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| Møte administrativ styringsgruppe  |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| FU - tilråding til vedtak regional plan                                      |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |
| Vedtak i fylkestinget  |      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |  |   |      |   |   |   |   |   |   |   |   |  |  |  |

Grøn: «internt» arbeid med planen; blå: høyringer, innspelmøte; oransje: politisk handsaming